



Til:

Anette Dyrsand Skutlaberg
Anja Ulriksen Rygg
Elin Thaule
Inger Marie Andersen
Janne Nærland
Karin Nilsen
Linn Lea
Linn Vigre Skretting
Merete Bredesen
Paula Veronica Lopez Lozano
Sissel Solberg Larsen
Solveig Flåten

Deres ref.

Vår ref.
25/33913

Dato
29.09.2025

Nærbø ungdomsskule - Referat frå FAU møte 24.09.2025

Dato: Onsdag 24.09.2025
Tid: Kl. 18.00.- 19.15

Desse møtte: Karin Nilsen, Elin Thaule, Anette Dyrsand Skutlaberg, Merete Bredesen, Solveig Flåten, Inger Marie Andersen

Forfall:

Saker:

19/25: Godkjenning av saksliste

Godkjent

20/25: Godkjenning av referat frå [mai-25](#)

Godkjent

21/25: Konstituering av styret. Styret i FAU er vald med følgjande roller:

Leiar: Karin Nilsen
Nestleiar: Solveig Flåten
Sekretær/referent: Elin Thaule
Styremedlem: Anette Skutlaberg

Styremedlem: Merete Bredesen
Styremedlem: Inger Marie Andersen

22/25: To representanter frå FAU inn i SMU. Leiaren i FAU er automatisk med i SMU. Karin og Anette er valt inn.

Vara til desse: Merete Bredesen

Merk: Dei som blir velt inn i SMU, blir sitjande vidare i SMU-møtet rett etter FAU møtet denne kvelden. SMU møtet er kl 19.00-20.00.

23/25: Set opp dato for FAU møter, juleball?

Avslutningsfesten for avgangselevane er sett til torsdag 18.juni-25. Festtalar: Ordfører Andreas Bjorland (er booka)

Haut 2025	onsdag 24. september	onsdag 22. oktober	tysdag 25. november
Vår 2026	onsdag 21. januar	onsdag 18. mars	tysdag 19. mai

Juleball: 4. desember -25 kl 18-24 (alternativ 11.12.25). FAU bestiller "Gamlehallen".

24/25: [Årshjul](#)

Gjekk gjennom årshjulet

25/25: [Utviklingsplan 2025-26.](#)

26/25: I politiråd/tverrfagleg styringsgruppe (SLT) 17.06.25 blei det foreslått å engasjere FAU ved ungdomsskulane:

SAK 13/25 Ungdata 2025 v/ Anja Ulriksen Rygg

KORUS presenterte resultata 22.05.25 og det vart gjennomført arbeidsseminar med omtrent 40 ungdommar 04.06.25. Leiar av Ungdomsrådet vil presentera resultatet i kommunestyret 19.06.25 og ungdommane som deltar på arbeidsseminaret vil presentera resultata for elevane på skulen før sommarferien. P.t vert det ikkje bestilt rapporter på skulenivå, men FAU kan uttala seg om kva dei forventar av tilbakemeldingar frå undersøkinga. Det er eit ynskje om å ha fokus på korleis med kan ta halde oppe det som er bra/positivt.

Kva forventningar har føresette om tilbakemelding frå ungdataundersøkinga?

Det er greit med den informasjonen vi får. Dei som ønsker tilbakemelding på resultata, får dei presentert på "Sterk og klar"-foreldremøta.

27/25: Elektriske framkomstmiddel

I tverrfagleg styringsgruppe/politiråd (16.sept-25) snakka dei litt om dei alvorlege firhjularylukkene. Vidare kom dei inn på mopedbilar, el-sparkesyklar og liknande. Fleire av desse køyretøya er trimma. Hjelm er heller ikkje alltid verken påbode eller brukt. I tillegg er framkomstmidla svært populære for Hå-ungdom.

Kva tenkjer føresette om desse framkomstmidla som vert nytta både til/frå skulen og på fritida? Kunne det vore eit tips at mor/far prøvekøyrrer framkomstmidla ei gong i veka for å testa hastigheita?

Blir ungdommen stoppa av politiet, burde politiet teke køyretøyet frå dei første gong, ikkje gi advarslar. Evt bøtelegge foreldra. Foreldra bør sette seg inn i korleis køyretøyet virker, og korleis dei evt kan tuklast med for å få opp hastigheita (på el-scooter kan det være eit alternativ å lodde ledningane under setet).

28/25: Ung førebygging (SLT) informerer om natteravnarbeidet (ca kl.18.40-19.00)

Sara, representant fra ung førebygging informerte.

Marit Obrestad Rygh hadde ansvar for fordeling av natteravn-listene, Anette Skutlaberg overtek dette for dei neste to åra.

Nytt fra i år - vi har tetta hullet for sommaren, skal fylle listene fra 1. oktober -25 til 31.september -26. Listene blir sendt ut til alle i Visma to gonger i året. Listene ligg og på facebook (ligg alltid som festet innlegg).

Er søkt om midler til el-sparkesykler til natteravnane - spør Marit om det har kome svar på denne søknaden.

På Nærbø har natteravnane bare gått frå kl. 19-23 på fredagar og lørdagar, alle andre bygder går seinare. Me ønsker å endre tidspunktet til kl. 21-00.30 i helgene. Går onsdager kl. 19.00-21.30.

Listene skal ikkje innehalde etternamnet på barnet, bare informasjon til føresette. Gjelder elever på NUS og elever på TUS (bare elever frå Nærbø).

29/25: Eventuelt

1. Brønnøysundregisteret

Øyvind Leidland informerte;

- registrerte oss i fjor for bl.a å søke om midler
- to stk settes for å ha signaturrett (Karin og Solveig)
- Solveig økonomiansvarlig
- utbetaling ei gong i året
- opprette vipps? (Blir da som ei bedrift, slik at ikkje alle unger kan vipps) Solveig ordner
- Betaling til juleball - ha alternativ med både forhandsbetaling på vipps og moglegheit for å betale i døra (både vipps og kontant)

2. Juleball

- booking av hallen til juleball 4.des - Elin ansvar for dette - booke heile dagen? Snakke med Tryggheim ang å få tilgang til hallen før skuledagen er slutt (dei to siste øktene). Rektor ordnar.
- være med å sjekke over dei ulike kåringane
- kleskoden; alle har lov å gå med det dei sjøl ønsker, ikkje bare 10.klasse som kan gå med lang kjole (f.eks.)

Med helsing
Hå kommune

Kari Ann Røgenes Bjørnsen
administrasjonskonsulent

Kopi til:
Linda Hadland Forsmo

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur